



Det er lite skrive om aktuelle og konkrete tiltak i partiprogramma frå Uskedalen.

**Ved gjennomgang av partiprogramma finn vi mest ikkje noko om Uskedalen. Det næraste vi kjem er Høgre som skriv under overskrifta Levande bygder at partiet vil utvikla Uskedalen, Sæbøvik og Gjermundshamn som gode lokalsenter gjennom den såkalla Sentrumspakken. Venstre skriv i sitt detaljprogram at ein vil utvikla Uskedalen til eit senter for klatresport.**

Eit partiprogram vil alltid vera generelt der tiltak også i Uskedalen er pakka inn i tema som til dømes næringsliv, arbeidsplassar, helse og omsorg, samferdsle, kultur og skule/oppvekst.

Miljøpartiet brukar ikkje pengar på papirprogram og utsending i posten. 1. kandidaten, Jostein Saghaug, fortel til Uskedalen.no at partiet har mange tiltak som meir eller mindre handlar om Uskedalen. Det gjeld mellom anna tiltak for funksjonshemma med Hagatunet som modell. Miljøpartiet vil stimulera til lokal matproduksjon slik det vert gjort på Friheim Gardsmat.

Ikkje noko parti har Gang- og sykkelveg Uskedal bru - Steinsletto med i sine trykte program. Av viktige saker for Framstegspartiet er Gang- og sykkelveg i Herøysundet, Dimmelsvik og Sunde med,- ikkje Uskedalen.

Det undrar oss at det ikkje er meir fokus på trafikksikringstiltak langs Fylkesveg 48 mot Steinsletto og Herøysundet. Så langt vi kjenner til er heller ikkje Gang- og sykkelveg til Steinsletto med i Kvinnheradpakken.

Av andre saker nemner vi:

- Næringsutvikling med tilrettelagde næringsområde. Ingen skriv eit ord om Børnes Næringsområde der det no vert utarbeidd detaljreguleringsplan.
- Bufelleskap for eldre - seniortun. Ikkje eit ord om at Uskedalen har regulert areal til føremålet i sentrum og at private utbyggjarar er klar for utbygging.
- Friluftsliv med skilting og parkering. Mange parti skriv om turveg, merke stiar og folkehelse. Ingen parti skjønar eller nemner Uskedalen og Ulvanoso med klatring og dermed trongen for infrastruktur med skilting og parkering. ( Les innlegget til Thor Inge Døssland i Grenda og Kvinnheringen: Lat fleire få glede av den vakre naturen vår ).
- Landbruket er ei vekstnæring i Uskedalen. Nokre parti skriv at ein vil stimulera til nydyrking og oppretthalda tilskota i landbruket.
- Elvekultivering er viktig i Uskedalen. Venstre og Miljøpartiet vil sikra den lokale aure- og laksebestanden.

Alle partia seier nei til vindkraft i kvinnhersfjella. Uskedalen er, som alle veit, med i Nasjonal ramme for vindkraftutbygging.

Dersom nokre av partia, etter å ha lese dette, har merknader eller kommentarar, er redaksjonen takksam om de

2.12.2020

Uskedal Utvikling

sender oss nokre ord om konkrete tiltak for Uskedalen i neste valperiode. Bruk denne adressa: [uskedalen.no@gmail.com](mailto:uskedalen.no@gmail.com)

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal